
Vår referanse 2020/47217-11
Dato 28.05.2020

ALVER KOMMUNE
Postboks 4
5906 FREKHAUG

Att. Larissa Dahl

Kulturminnefagleg fråsegn - Dispensasjonssøknad, gnr. 58 bnr. 177, Alver kommune. Den indre farleia - Kulturlandskap av nasjonal interesse.

Vi viser til dykkar brev av 03.04.2020 med søknad om dispensasjon i overfor nemnde sak, vårt brev av 22.04.2020 og vår e-post av 12.05.2020. Vidare viser vi til dykkar e-postar av 05.05.2020 og 14.05.2020 med ettersendt tilleggsinformasjon. Seksjon for kulturarv i Vestland fylkeskommune har vurdert saka som regionalt kulturminnemynde.

Automatisk freda kulturminne

I tillegg til ovanfor nemnde søknad og korrespondanse visar vi til vår fråsegn til søknad om dispensasjon for oppretting av ny grunneigedom og etablering av tilkomstveg datert 18.19.2018 og innsendte situasjonsplan og fotodokumentasjon mottatt i e-post 14.05.20. Tilleggsinformasjon i saka viser vegen markert meir i høve til situasjonsplan i innsendte søknad om ny grunneigedom. Fyllingsfot og terrenginngrep er ikkje vist i innsendte teikningsgrunnlag, men illustrerast på innsendte fotodokumentasjon.

Vi ville normalt vurdert ei synfaring ved omfanget av tiltaket som no visast, for å ta stilling til om det ville vere naudsynt med ei arkeologisk registrering etter §§ 3 og 11. Vegen med tilhøyrande fyllingsfot er diverre utført og vår moglegheit for å vurdere området i forhold til kulturminnelova er difor vesentleg redusert.

Som nemnd i vårt brev datert 22.04.2020 skal vi vurdere om summen og det totale omfanget av tiltaka vil endre området sin karakter/landskapsrom i ein slik grad at dei vil vere utilbørleg skjemmande for det automatisk freda kulturminnet, ein gravhaug frå jernalder med Askeladden id. 45456, og dermed krevje dispensasjon frå kulturminnelova § 8.

Så langt vi kan sjå i mottekne tilleggsinformasjon sendt 14.05.2020 er ikkje tiltaka utilbørleg skjemmande. Tiltaket krev difor ikkje dispensasjon frå kulturminnelova. Omfanget av vegen med tilhøyrande fyllingsfot, terrenginngrep i samanheng med etablering av veg, nye bygningar, parkeringsareal og hus vil endre kulturlandskapet i ein slik grad at summen vil vere skjemmande i forhold til det automatisk freda kulturminnet.

Vi har difor ingen avgjerande merknader i saka i forhold til §§ 3 og 11 i kulturminnelova.

Vi ynskjer i tillegg å informere tiltakshavar om at Seksjon for kulturarv skal varslast ved eventuelle planar om nydyrking eller massepåfylling på landbruksarealet nord-øst for eksisterande bygningar, slik at vi kan ta stilling til tiltaket.

<https://www.vestlandfylke.no/kultur/kulturarv/kva-saker-skal-sendast-til-fylkeskommunen/>
<https://www.regjeringen.no/no/dokumenter/t-299-nydyrkingstiltak/id108416/>
<https://lovdata.no/dokument/SF/forskrift/1997-05-02-423>

Nyare tids kulturminne

Eigedommen ligg innafor området Den indre farleia (Askeladden-ID K416), som er eit kulturhistorisk landskap av nasjonal interesse.

I Kommuneplanen sin arealdel 2019 - 2013 vedtok Lindås kommune hausten 2019 retningslinjer for omsynssone kulturmiljø H570 Den indre farleia. Her skal det mellom anna takast omsyn til små og store landskapsrom som pregar det langstrakte landskapet med landtunger og øyer, kyrkjestadene, særleg i den grad dei er synlege frå leia, og kulturminne som visar tidlegare vestlandskap byggeskikk: Lemstover, samanbygde hus, bygningar/anlegg med bruk av stein som byggjemateriale.

I retningslinjene for omsynssona til Den indre farleia står det mellom anna:

«Alle reguleringsplanar og større tiltak innanfor omsynssona, som kan verke inn på eit kulturminne eller forholdet mellom kulturminnet og den indre farleia, skal planleggast, prosjekterast og utførast slik at tiltaket har gode visuelle kvaliteter, både i seg sjølv og i høve til funksjonen til tiltaket og omgjevningane. Det skal takast omsyn ved plassering og utforming, for å unngå negative estetiske og miljømessige konsekvensar. Ved regulering/søknad skal desse innehalde illustrasjonar/foto som i naudsynt grad skildrar den estetiske verknaden til tiltaket, og visualiserer nærverknad og fjernverknad.»

Lygra ligg sentralt i Den indre farleia, og området sine kvaliteter er ein viktig grunn til at Den indre farleia fekk status som kulturhistorisk landskap av nasjonal interesse. Desse kvalitetane gjer at ein må vise varsemnd og ta omsyn til dei kulturhistoriske verdiane i kulturlandskapet på Lygra. Området er og synleg frå sjøen når ein ferdast på Den indre farleia.

Når det gjeld dei omsøkte bygningane, har vi ingen merknader til at løa vert rive, medan vi rår i frå at det vert gitt løyve til riving av våningshuset.

Våningshuset, som er opplyst å vere frå 1926, er ei lemstove som i følgje våre opplysningar er ganske intakt. Lemstover er ein bustadtype som har høg kulturminneverdi. Dei vart det typiske vestlandske bustadhuset på 1800-talet, og veldig mange av desse bygningane er i ferd med å forsvinne. Dette uroar kulturminnemyndet, som meiner at både bygningsmiljøet og kulturlandskapet på bygdene vert forringa når lemstovene forsvinn. For å sikre denne bygningstypen for ettertida, er det fleire løysningar som bør vurderast med omsyn til tilrettelegging og istandsetting for ny bruk.

I ein rapport frå ein av våre bygningsvernkonulentar blir det konkludert med at det er teknisk mogeleg å sette lemstova i stand. Det blir vidare konkludert med at det òg er mogeleg å sette bygningen i stand slik at den kan nyttast som bustad. Sjølv om det er vurdert å vere ressurs- og kostnadskrevjande om bustaden skal tilfredsstillende byggteknisk føreskrift (TEK17), vil vi peike på at det òg er ressurs- og kostnadskrevjande å bygge ein heilt ny bustad.

Vestland fylkeskommune støtter kommunen si Avdeling for kulturutvikling, idrett og frivilligheit i at denne lemstova har stor verneverdi som del av kulturmiljøet på Lygra, og at det difor ikkje bør gjevast løyve til riving. Vi rår til at ein i staden ser på løysingar for tilbygg eller påbygg.

Vidare støtter vi kommunen i at det er viktig at ein eventuell ny bustad på eigedomen vert plassert slik at den ikkje vert dominerande i landskapet eller i høvet til kringliggjande bygningar. Ein eventuell ny bygning bør i dimensjon og detaljering spegle dei kulturhistoriske verdiane i området. Det bør stillast krav om at den lokale byggeskikken vert vidareført, med omsyn til bygningen sin karakter, volum, skala og materialbruk, og med omsyn både til nær- og fjernverknad.

Vestland fylkeskommune rår til at det for tiltaket, enten det gjeld tilbygg eller påbygg av lemstova eller ein eventuell ny bustad vert engasjert ein prosjekterande som har arkitektfagleg og kulturminnefagleg kompetanse.

Kva gjeld garasjar, bør ein sjå på mogelegheita for å plassere desse der løa står i dag, eller om mogeleg gje driftsbygningen ny bruk som uthus og garasje.

Konklusjon

Vestland fylkeskommune rår frå at det vert gjeve dispensasjon til riving av lemstova på gnr. 58 bnr 177 i Alver kommune. Vi rår til at ein i staden ser på løysingar for tilbygg eller påbygg. Vidare rår vi til at det vert stilt krav at den lokale byggeskikken vert vidareført, enten det gjeld tilbygg eller påbygg av lemstova, eller ein eventuell ny bustad med omsyn til bygningen sin karakter, volum, skala og materialbruk, og med omsyn både til nær- og fjernverknad.

Automatisk freda kulturminne

Det automatisk freda kulturminnet, ein gravhaug frå jernalder, er ein del av kulturmiljøet i området og må sjåast i samanheng med dette. Summen og det totale omfanget av tiltaka vil endre det kulturhistoriske landskapet i ein slik grad at gravhaugen blir skjemma. Vi rår difor i frå at det blir gjeve dispensasjon til tiltaka slik dei nå er omsøkt. Vidare rår vi til at nye tiltak er betre tilpassa det eksisterande kulturlandskapet i karakter, volum, skala og materialbruk.

Vi minner om pbl § 19-2, fjerde ledd:

«Ved vurderingen av om det skal gis dispensasjon fra planer skal statlige og regionale rammer og mål tillegges særlig vekt. Kommunen bør heller ikke dispensere fra planer, lovens bestemmelser om planer og forbudet i § 1-8 når en direkte berørt statlig eller regional myndighet har uttalt seg negativt om dispensasjonssøknaden».

Vi ber om å få sendt over vedtaket i saka for eventuell vurdering av klage.

Med helsing

Inger Lena Gåsemyr
fagleiar

Helene Moe
seniorrådgjevar

Sakshandsamar:
Helene Moe: Nyare tids kulturminne
Sigrun Wølstad: Automatisk freda kulturminne

Brevet er elektronisk godkjent og har difor inga handskriven underskrift